



DET KONGELEGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT

# Prop. 15 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2019 under Barne- og familiedepartementet

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet 22. november 2019,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2019 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 800 Barne- og familiedepartementet

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal mellom anna dekkje utgifter til utgreiingsprosjekt i departementet og andre tiltak innanfor ansvarsområda til departementet. BFD føreslår å redusere løyvinga på posten med 148 000 kroner, mot tilsvarende auke på kap. 325, post 21 under Kulturdepartementet, som følgje av endringa i departementsstrukturen som tok til å gjelde frå mai 2019, jf. Prop. 57 S (2018–2019) og Innst. 236 S (2018–2019).

#### Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

##### *Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving*

Prognosen for talet på DNA-analysar til fastsetjing av farskap er lågare enn lagt til grunn i gjeldande

budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841, post 23 med 1,1 mill. kroner.

#### Kap. 843 Adopsjonsstønad

##### *Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving*

Prognosen for talet på utanlandsadopsjonar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 843, post 70 med 0,9 mill. kroner.

#### Kap. 845 Barnetrygd

##### *Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Utbetalingane til barnetrygd har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2019 blir no rekna til 15 750 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 845, post 70 med 40 mill. kroner.

#### Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71*

Det er sett av 15 mill. kroner på posten til eit prøveprosjekt med hurtigbusetjing av einslege,

mindreårige asylsøkjjarar. Prosjektet er forseinka og berre ein liten del av løyvinga blir nytta i 2019. BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 854, post 21 med 14,6 mill. kroner.

#### *Post 22 Barnesakkunnig kommisjon*

Det har komme inn færre rapportar til Barnesakkunnig kommisjon i 2019 enn tidlegare lagt til grunn. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 854, post 22 med 1 mill. kroner.

#### *Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga på posten blir nytta til Bufdir sitt arbeid med digitaliseringstiltak. Midlane skal mellom anna nyttast til kjøp av tenester frå eksterne til systemutvikling i samband med prosjektet *DigiBarnevern*.

Delar av utviklingsoppgåvene i *DigiBarnevern* blir óg løyst av interne ressursar i Bufdir. For å sikre korrekt postbruk, føreslår BFD å redusere kap. 854, post 45 med 6,2 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 858, post 01.

### **Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet**

#### *Post 60 Kommunale eigendelar*

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå kommunale eigendelar for tiltak i det statlege barnevernet. Aktivitetsveksten i det statlege barnevernet har i 2019 vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Eit lågare tal på opphaldsdagar gir reduserte inntekter.

BFD føreslår å redusere kap. 3855, post 60 med 47 mill. kroner.

### **Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekkjer utgifter til drift av statlege omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar under 15 år og forvaltingsoppgåver knytte til omsorgssentera. Det blei sett i gang ein prosess med å redusere talet på plassar i omsorgssentera til 50 plassar i 2018. Utgifter til omstillinga i 2019 er lågare enn tidlegare lagt til grunn.

BFD føreslår å redusere kap. 856, post 01 med 4 mill. kroner.

### **Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar**

#### *Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan, ifølgje statistikkdirektivet til OECD/DAC, godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Ifølgje retningslinjene frå OECD/DAC er det berre utgifter det fyrste året som kan godkjennast. Det er i gjeldande budsjett lagt til grunn at 100 prosent av barna i omsorgssentera har butid under eitt år i 2019. Oppdatert informasjon viser at denne delen er no på 96 prosent.

BFD føreslår å redusere kap. 3856, post 04 med 4,4 mill. kroner.

### **Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet**

#### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855, post 01*

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftsutgifter i Bufdir. Grunna auka bruk av interne ressursar i Bufdir i samband med prosjektet *DigiBarnevern*, føreslår BFD å auke posten med 6,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 854, post 45. Sjå òg omtale under kap. 854, post 45.

### **Kap. 880 Den norske kyrkja**

#### *Post 70 Rammetilskot til Den norske kyrkja*

Då Den norske kyrkja vart etablert som eige rettssubjekt 1. januar 2017, blei det fastsett ein opningsbalanse med fiktive pensjonsmiddel på 1,7 mrd. kroner som svara til dei framtidige pensjonsforpliktingane. Avkastninga på kyrkja sine pensjonsmiddel har ikkje vore så høg som Statens pensjonskasse sitt krav til renteavkastning. Dette avviket må kyrkja dekkje gjennom solvenspremien.

I utgangspunktet bør Den norske kyrkja sjølv dekkje utgiftene til solvenspremien. BFD føreslår likevel at staten medverkar til å dekkje desse utgiftene for 2017–2019, på bakgrunn av tidspunktet for etablering av rettssubjektet og den korte levetida til rettssubjektet. Frå og med statsbudsjettet for 2020 må Den norske kyrkja sjølv dekkje eventuell solvenspremie til SPK.

På denne bakgrunn føreslår BFD å auke løyvinga på kap. 880, post 70 med 70 mill. kroner i 2019.

## Kap. 882 Kyrkjebygg og gravplassar

*Post 61 Tilskot til fredete og verneverdige kyrkjebygg, kan overførast*

I tråd med Innst. 14 S (2018–2019) blei det løyvt 20 mill. kroner på dåverande kap. 342 *Kirkebygg og gravplasser*, post 70 *Tilskudd til sentrale tiltak for kirkebygg og gravplasser*. 10 mill. kroner skulle nyttast til «klimasikring av utsatte og verneverdige kirkebygg» og 10 mill. kroner til «prosjektmidler for å utvikle bevaringsprogram for steinkirkene». Etter endringar i departementsstrukturen er midlane no plasserte på kap. 882, post 70.

Det er i høg grad kommunane som vil motta tilskotet til sikring av kyrkjebygg, jf. omtalen nedanfor under post 70. Dette er ein følgje av kommunane sitt lovfesta økonomiske ansvar for kyrkjene. For å sikre korrekt postbruk føreslår BFD å auke løyvinga på kap. 882, post 61 med 13,8 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 882, post 70, jf. omtale under post 70.

*Post 70 Tilskot til sentrale tiltak for kyrkjebygg og gravplassar*

Under kap. 882, er det for 2019 løyvd i alt 40 mill. kroner til istandsetting og sikring av freda og verneverdige kyrkjer, medrekna 20 mill. kroner på kap. 882, post 70 *Tilskot til sentrale tiltak for kyrkjebygg og gravplassar*. Riksantikvaren er gitt i oppgåve å vere tilskotsforvaltar og i samråd med kyrkjelege instansar treffe avgjerd om kva for kyrkjebygg og istandsettings- og sikringstiltak som skal prioriterast for tildeling. Som følgje av meirutgiftene Riksantikvaren har som tilskotsforvaltar i 2019, føreslår BFD å redusere kap. 882, post 70 med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1429, post 01 under Klima- og miljødepartementet.

Ein del av løyvinga under post 70, i alt 5,8 mill. kroner, vil bli tildelt KA (arbeidsgivarorganisasjon for kyrkjelege verksemder), for å få fram auka kunnskap om kyrkjer som er særleg utsette for ras og flaum og gi råd til eigarane av kyrkjene. KA, som har stor kunnskap på kyrkjebyggfeltet, vil også gjere ein tilstandsregistrering av eit utval kyrkjebygg. Auka kunnskap om tilstanden er nødvendig for ein målretta innsats for sikring av dei kulturhistorisk viktige kyrkjene. Spørsmålet om eit bevaringsprogram for kyrkjebygg, jf. Innst. 14 S (2018–2019), vil departementet komme tilbake til i samanheng med oppfølginga av meldinga til Stortinget om Opplysningsvesenets fond, jf. Meld. St. 29 (2018–2019).

Riksantikvaren tildeler tilskot til einsskilde kyrkjebygg, mellom anna til brann- og klimasikring, etter søknad. Midlane vil i hovudsak komme til utbetaling til dei aktuelle kommunane i 2020. For å sikre korrekt postbruk og ta omsyn til tidspunkt for utbetaling, føreslår BFD å redusere løyvinga på kap. 882, post 70 med 13,8 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 882, post 61, jf. omtale under post 61.

Overføringa av ansvaret for trus- og livssynsaker frå KUD til BFD omfatta ikkje ansvaret for oppfølginga av utanlandske krigsgraver i Norge. Som følgje av dette blei løyvinga for 2019 på kap. 342 *Kirkebygg og gravplasser*, post 70 *Tilskudd til sentrale tiltak for kirkebygg og gravplasser* på 40,5 mill. kroner fordelt på nytt kap. 327 *Nidaros domkirkes restaureringsarbeider mv.*, post 70 *Utenlandske krigsgraver i Norge* med 3,2 mill. kroner og nytt kap. 882 *Kyrkjebygg og gravplassar*, post 70 *Tilskot til sentrale tiltak for kyrkjebygg og gravplassar* med 37,3 mill. kroner, jf. Prop. 57 S (2018–2019) og Innst. 236 S (2018–2019). Nye anslag for behovet for midlar til krigsgravtenesta i 2019 tilseier at ein større del av desse midlane blir fordelte til kap. 327, post 70. BFD føreslår derfor å redusere kap. 882, post 70 med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 327, post 70 under Kulturdepartementet.

Samla føreslår BFD å redusere kap. 882, post 70 med 14,6 mill. kroner.

## Kap. 2530 Foreldrepengar

*Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2019 blir no rekna til 18 860 mill. kroner. Dette er 380 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett. Auken skuldast at fleire foreldre enn tidlegare er venta å få foreldrepengar i 2019. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530, post 70 med 380 mill. kroner.

*Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving*

Utbetalingane til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2019 blir no rekna til 810 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 71 med 50 mill. kroner.

*Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon,  
overslagsløyving*

Utbetalingane av foreldrepengar ved adopsjon har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2019 blir no rekna til 49 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 7 mill. kroner.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2019 under Barne- og familiedepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Barne- og familiedepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2019 under Barne- og familiedepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
800		Barne- og familiedepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 9 410 000 til kr 9 262 000	148 000
841		Samliv og konfliktløsning	
	23	Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med ..... fra kr 5 813 000 til kr 4 700 000	1 113 000
843		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med ..... fra kr 12 525 000 til kr 11 625 000	900 000
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med ..... fra kr 15 790 000 000 til kr 15 750 000 000	40 000 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , nedsettes med ..... fra kr 87 271 000 til kr 72 671 000	14 600 000
	22	Barnesakkunnig kommisjon, nedsettes med ..... fra kr 8 194 000 til kr 7 194 000	1 000 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , nedsettes med ..... fra kr 25 500 000 til kr 19 300 000	6 200 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 143 391 000 til kr 139 391 000	4 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i> , forhøyes med ..... fra kr 283 389 000 til kr 289 589 000	6 200 000
880		Den norske kyrkja	
	70	Rammetilskot til Den norske kyrkja, forhøyes med ..... fra kr 2 184 900 000 til kr 2 254 900 000	70 000 000
882		Kyrkjebygg og gravplassar	
	61	Tilskot til fredete og verneverdige kyrkjebygg, <i>kan overførast</i> , forhøyes med ..... fra kr 20 000 000 til kr 33 800 000	13 800 000
	70	Tilskot til sentrale tiltak for kyrkjebygg og gravplassar, nedsettes med ..... fra kr 37 300 000 til kr 22 700 000	14 600 000
2530		Foreldrepenigar	
	70	Foreldrepenigar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med ..... fra kr 18 480 000 000 til kr 18 860 000 000	380 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med ..... fra kr 860 000 000 til kr 810 000 000	50 000 000
	73	Foreldrepenigar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med ..... fra kr 56 000 000 til kr 49 000 000	7 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	60	Kommunale eigendelar, nedsettes med ..... fra kr 1 487 256 000 til kr 1 440 256 000	47 000 000
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, nedsettes med ..... fra kr 110 127 000 til kr 105 722 000	4 405 000



